

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/9751-1

## **Årsmelding 2018 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Årsmelding 2018 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 13. februar 2019
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### **Vedlegg:**

Årsmelding 2018

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvardagen enklare for dei. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemmer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)  
Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerde t (Ap)  
Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO)  
Varamedlem: Anita Æsøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)  
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO)  
Varamedlem: Eldbjørg Lie (SAFO)

Fylkesutvalet valde i møte 4. november 2015 fylgjande som leiar og nestleiar:

Erlend Haugen Herstad - leiar

Odd Atle Stegegjerdet - nestleiar

Wenche Røkenes søkte om fritak frå vervet i mai 2017. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 20. juni 2017, og gjorde slikt vedtak i sak 66/17:

1. Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
2. fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:  
Anita Æsøy

Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Synnøve Solhaugen Engen

## **2. Konklusjon**

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 13. februar, og sekretariatet redigerer i etterkant meldinga og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kjem fram i møte.